



Styrar: Solveig Steinnes-Lone.

Millom bakkar og berg —.

Bondediktaren og heimen hans.

Naar du fraa det urolege Lista-havet blir slengd inn Flikkefjorden, og du kjem sopass til deg sjølv at du kan taka det «blide». Sørlandet ein grand i augnesyn, so maa du undra deg over alle dei fatige graasteinsberg som ter seg fram for deg innetter fjorden. Visst grønkar det av lauvskog uppetter lidene, og visst ter landet seg blidt og smilande i fineveret og fagert som eit paradies; men kvar er jorda? Kvar er gardane? Her og kvar nedmed fjorden øygner du so kanhenda ein liten grøn flekk, og so er det liksom denne grøne flekken skyt ut nokre renningar. Det grønkar nokre grøne stripor uppe i graasteinsberga. Aa haa! tenkjer ein, der har sanneleg natura late det veksa gras uppetter i bergskrone. Men so kjem ein nærare, og so ser ein at det staar hus paa den grøne flekken. — Aa, jaso daa, — det er ein gard dette! Det er folkehender som har faatt graset til aa veksa uppetter i bergskrene. Ja ja, det er ikkje alle stader like fritt, og ikkje alle stader like lett aa sanka eit kufor. Sjølvsagt er det fisket dei flyt paa dei fleste som byggjer og bur kring fjorden her, men det er ikkje so feitt det heller alltid, og det er nok ikkje for inkje at desse bygdene her er millom dei som sender flest folk til Amerika. Livsvilkaara er so arme. Det et snart gjort aa missa modet.

Stig du so av baaten i Flikkefjord og tek vegen innetter bygdene, so vil du no finna meir jord, større gardar, men ikkje so stort og flust at ikkje kvar og ein kan sjaa at den som skal kunna livberga seg her baade lyst

arbeida trutt og greida seg med lite. Og dersom folket i desse bygdene hadde vore berre materialistar so hadde visseleg dobbelt so mange av dei vore i Amerika. Men dei er heimkjære, og strider i lengste laget mot skuld og pengeløyse, vegløyse og andre vanskær. Og so er dei av natura velsigna med eit godt humor.

Jamt har dei skjempt paa tunga og allstøtt er dei aalvakne for det som er løje. I vonde tider kan nok skjemten bli baade beisk og saar, men han er der, han høyrer folket til, — der ikkje pietisma har lagt alt svart etter seg, daa.

Her i dette miljøet ligg Seland, ein gard som dei andre. Høgt uppe i eit berg ligg han, oppfor ein bakke so bratt at du lyst setja nasa i bakken naa du skal upp.

Ein flattelending

wilde krossa seg for aa eiga ein slik gard, slik utan- og ovanum all folkeskikk, bakkut og tungdriven. Og like til dei siste tider har han og vore veglaus. Berre dei siste 12—15 aara har det vore køyreveg til Seland. Den som fyre den tid vilde til Seland laut senda bod fyre seg, so han kunde faa baatskyss over Selura. So var det aa gaa halve mila, fraa Flikkefjord til Trøngsla, (Gud veit kva tid og hending som har gjeve denne staden dette namnet) der folket fraa Selandsrenda lagde til med baatane sine, naar dei skulde til byen. Fraa Trøngsla og til Selandsstæa var det so ei halv mils veg aa ro, og naar ein so var komen i land att, var det aa streva seg uppetter dei bratte bakkane til Seland. Og denne vegen hadde Selandsfolket aa fara so visst som dei skulde ha eitkvart til huset. Det finst ikkje



Hans Seland i lag med kona og barneflokkene (for 5 aar sidan).


krambuer nærare enn i Flikkefjord, og kva dei so skulde ha heim so laut dei frakta det i baat over Selura og bera det til gards. Sjaa t. d. husa paa Seland. Dei er nok borne til gards planke for planke og fjøl for fjøl. Spør um dei har streva som maur baade unge og gamle, baade menn og kvinner den tid husa skulde byggjast! — Men no det er kome veg til Selandsrenda, no kan ein koyra dit, — gjenom ei natur so vill og vakker at det reint kan lyfta i deg.

Og er ein vel komen til Seland gløymer ein meir enn gjerne at vegen var tung, for her er ein liten flekk av Guds grøne jord, so fager og ljuvleg og med ei utsyn so storfeld, at ein skal leita lenge og leita vel fyrr ein finn ein venare, lettlegare og triveligare stad til aa byggja ein heim. Rundt ikkje paa berg, i liden og marker veks det skog, og det finst ikkje eit norsk treslag som nemnast kan utan det veks vilt paa Seland. Nedfor fjellet ligg Selura blenkjande og breid og burtanfor ligg landet med aasar og fjell blaane etter blaane vestetter mot havet.

Her er heimen til Hans Seland, her er arbeidsstaden hans. Herifraa har han sendt ut bøkene sine. I arbeid og strid, i motgang og medgang, i eit lukkelegt heimeliv med ein kjær huslyd, har hans ljose evangelium til ungdomen faatt form. «Høgsumar», «Bureising», «Øygarden» og «Gard og grunn» er ein livsfrisk appell til alt det gode i norsk ungdom. Desse bøkene hans andar av livsmod og framtaksvilje og av den arbeidsglede og heimehygge som gjer livet med alt sitt strev til ein fest. Desse bøkene burde finnast i kvar einaste heim, til kveik for unge og gamle naar synet skygdest av sut og vanskær. — Her heime har han og skrive dei fine og sermerkte barne- og dyresogone sine. Og her har han skrive skjemtesogone som har faatt laatten paa glid kring land og strand. Og her paa fedregrunnen har hans kjærleik til folkelivet ikring drive han til aa skriva dei meir tunge sognor som knyter seg til gard og landslutt, og til dei ymse tider.

Hans Seland fylte nyleg 60 aar. Naar eg tenkjer paa dette so er det ein tanke som trengjer seg framum alle hine: Han har vore ein lukkeleg mann. Der uppe paa Seland, den fagre ættargarden hans, har han havt dei beste vokster- og arbeidsvilkaar nokon kunde ynskja seg. Der har han arbeidt med jorda, der har han skrive, og naar han fekk hug til aa sjaa seg um, so tok han ut paa ferd og fortalte skrønor og fekk folk til aa læ. Men alltid so stod hugen heimover att, til ei kjær kone og ein heim «der hyggja kvilde», og til garden. Her kunde han rett faa røyna krefte, og her leika tankane so lett over viddene medan vaarsola skein i nakken og molda vende seg grornæm og angande under spaden, og liv og vokster yrde ikring han. —

Heruppe levde dei eit friskt og helsugt liv. Her var ikkje plass for myrkheimstankar, her laut ei tenkja ljost og djervt. Og so visst som Hans Seland sjølv elskar si fedrajord og gjorde det han kunde til aa gjera den vesle garden sin til ein leveveg, so vilde han gjerne gjeva noko av si tru og sitt mod og sin framtaksvilje til andre som sat trøngt i det og tvika sterkt millom heimen sin og Amerika. Han unnte ikkje Amerika so mykje som det fekk. Det kunde endaa bli lukkelege heimar paa dei aude heiegardane, berre ungdomen kunde



Seland.

taka fat med mod og arbeidsglede. Og for dei som lagde sitt arbeid og sin kjærleik ned paa heia, gav heia attende av sin store rikdom. Og heia er rik paa frisk naturleg glede for den som har lyndet til aa taka imot.

Det er mange som frametter aara har faatt styrkt modet, trua og arbeidsgleda si ved aa lesa Seland sine bøker. Det er og mange som har funne vegen til heimen hans, og som har fare derifraa att rikare paa livsmod og tru enn dei var daa dei kom dit. Og alle so sender vi i desse dagane ei varmt takk til Seland, til husbonden og husmora der, for det ljose modige livssyn dei aatte, og som dei hadde so godt eit lag til aa føra over til andre. Vi sender takka til dei baae, for hadde ikkje dei to hjelptest att so hadde ingenting vorte som det vart.

Solveig Steinnes-Lone

Gamle tidmerke og vermerke fraa Nordland.

Ved K. K. Vasdal.

Den 25. mars er Vaarfrumess eller Marimessdag. Dette var ein sers høgtidsdag her hjaa oss i gamle dager. Daa skulde folk leva stilt og aalvorsamt. Og daa skulde dei i kvart hus baka ei stor kake av det beste dei aatte i huset, og den skulde vera so stor at huslyden fekk eta seg mett, og dei som hadde Lofotfolk maatte og senda kaka dit. Den dagen skulde ingen arbeida, og folk skulde ikkje reisa paa sjøen.

Dei gamle sa at dei bekkene som har runne før Vaarfrumess, dei kjem til aa tia still etter den tida. Sume stader heiter det at so lenge bekkene har runne fyre Marimess, so lenge skal dei staa etter den dagen. Det vil segja at dersom veret har vore litt fyre Marimess, skal det bli frost etterpaa.

Spursmaal til tingarane.

Kva for eit hefte av Neuenkirchen «Irsk hekling» var mørnret i «Heimen» nr. 1 i aar teke or? Og kva kostar dette heftet?

I. K.

Svar: Det er teke or 1. hefte. Kvart hefte kostar 2 kronor.

Bladmat til Heimen

maa sendast til fru Solveig Steinnes-Lone, P. A. Munchs veg 4, Taasen, V. Aker.